

Når Rosendal Musikkfestival i helga går av stabelen, har den utflytta uskedelingen Gunnvald Friheim også i år ei sentral rolle i arrangørstaben. I helga vert det nok mange dugnadstimar og lite søvn på han. Som ein rosendeling sa for nokre år sidan: - Å arrangera festivalen utan Gunnvald hadde vore ei heilt anna oppgåve.

Musikkfestivalen er berre ein av mange ting der Gunnvald har lagt ned eit stort og positivt engasjement gjennom åra. Hans store gåve til fellesgodene har han gjeve frå lenge før musikkfestivalen starta for om lag 30 år sidan.



[Har ikkje lært ordet nei, gjev alltid ei hjelpande hand.](#)

Her i bygda har han tidlegare lagt ned eit stort arbeid i ungdomslaget. Mange av oss over 50 hugsar med glede tilbake på tida då han lærte oss dei første dansestega som instruktør i barneleikarringen. Mange drøymmer seg nok og til bake til opptredenane hans på skodespels scenen der han var sentral saman med m.a. Bjørgulv Eik og Jon Stensletten.

Gjennom meir enn 50 år har han vore aktiv musikar i Uskedal Musikklag. Han har hatt mange tillitsverv og har m.a. vore formann både i Musikklaget og Ungdomslaget. Dessutan er han kjent ein fjerdepart av pyntekvartetten for Julagrano.

Turane til Uskedalen har blitt mange for gjennom dei om lag 40 åra han har budd i Rosendal. I tillegg til å bidra i lagslivet har han gjeve mang ei hjelpande hand til arbeidet på barndomsgarden i Krokjen.



Frå ein av mange dugnader, flyttedugnaden i musikklaget i vinter. Her saman med ei anna eldsjel, Knut Stensletten. I Rosendal har dei og nytt godt av denne positive ressurspersonen i mange samanhengar. Musikklaget, Skyttarlaget, Vangssago og Samfunnshuset er berre nokre av arenaene hans. Vi har inntrykk av at han har ein finger med i svært mykje av det som skjer der.

Gunnvald er ikkje berre positiv og svarar JA når han vert spurt om teneste. Han ser behovet og tilbyr seg å hjelpa, - alltid positiv, hjelpsam og løysingsorientert:

- Nokon treng lys og lyd til eit sceneprogram. Ikkje problem. Gunnvald ordnar det.
- Ungdom treng skyss til eller frå ei øving. Gunnvald er klar!
- Det manglar musikar på tuba, baryton eller tromme. Ikkje problem. Gunnvald legg kornetten til sides for ei stund, og det er løyst.
- Nokon manglar notar. Er det eit problem? Nei, ikkje når Gunnvald er der!

Denne lista kunne ha vorte lang for pensjonisten som alltid har levd etter orda frå minneboka – Den største glede du kan ha, det er å gjera andre glad. –

Det er mange gode grunnar til at eit stort korps med nærare 40 musikarar frå strekningen frå Uskedalen til Løfallstrand møtte opp for å heidra han då han fylte 70 år den 16. mai. Alle **vilde** vera med å spela for denne jubilanten.

Denne helga er han hundre prosent disponibel for Rosendal Musikkfestival. Oppgåvene gjennom helga er nok mange og varierte. Han er som ei god potet, - kan brukast til alt og resultatet vert alltid godt. Vi er svært taknemlege for at det finst slike eldsjeler!